

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
nve@nve.no

Grinde, 13.02.2017

## Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Fossdalen kraftverk i Gulen kommune.

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.sftur.no/](http://www.sftur.no/)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.437. Fossdalen kraftverk ligg i Ytre Sogn Turlag <https://ytresogn.dnt.no/> sitt virkeområde.

Vi syner til oversendinga 9.1.2017 med høyring av søknad om Fossdalen kraftverk.

### 1.2 Grunngevinga for tiltaket.

Ressurs elvekraft, rein energiproduksjon, låg utbyggingkostnad, ca kr 3,41 kr/kWh.

Eigarane i Asun (Dyrkolbotn holding og Asle Værøy) ynskjer med utbygginga å bidra til ei utvikling i nærmiljøet, bl.a. ved bruk av lokal entreprenør, installatør og personell for vedlikehald og drift. (2.4 side 16 0,4 årsverk).

### 1.4 Geografisk plassering av tiltaket.

Vassdragsnr 068.620 i Gulen kommune, nord for Austgulfjorden, mellom gardene Hantveit og Hauge.

I dette området har Dalsbotnfjellet vindkraft fått konsesjon av NVE og her i dette område er det også søkt om kraftlinje over fjorden for uttransport av vindkrafta. Sakene er ikkje avgjort.

### 1.5 Eksisterande inngrep.

Fossdalen er nær inngrepsfri frå fjord til fjell over ei strekning på 3 km. Her finnast rester etter råseveg for kveg

### 1.6 Nærleggjande vassdrag.

På sørsida av Austgulfjorden har Kløyvtveit kraftverk eit nedslagsfelt på 10,9 kvkm og 41,8 GWh produksjon. Her er magasin med varig nedsenka øvre vasstand og resterande del regulerbar og overføringar av Transdalsvatnet og Austgulvatnet. I nord ligg Takle kraftverk med 3,2 kvkm nedslagsfelt og 4,7 GWh produksjon. På garden Hauge er eit mindre kraftverk på 1,8 GWh frå før.

## 2.1 Hovuddata.

Turlaget vil påpeike den uvanleg høge slukeevne ved tiltaket (263%) til tross for den raudlista arten flommose som er registrert lenger nede i influenseområde! På toppen av det heile ynskjer søkjar å sleppe 25 l/s som minstevassføring, noko som er likt med alminneleg lågvassføring.

I dette område er bufferevna til jordmassane relativ låg og for å ivareta den til no registrerte raudlistearten flommosen må ein ha regelmessige flaumar. Med den omsøkte slukeevna og minstevassføringen vil elva få



minimalt med flaumar. (S19 3.1 Hydrologi tørt år (1996) 20 dagar med meir avrenning enn maks slukeevne for turbinen)

I 2.2.1. side 9. Er ei orientering om kva som ligg til grunn for berekningane, her er det utydelige tal i forhold til slukeevnen. I orienteringa pkt 2.2.1 er størst slukeevne 1050 l/s og minst slukeevne 25 l/s. Hovuddata har 1250 l/s og 70 l/s som utgangspunkt. Kva er korrekte data her?

## 2.2.5 Vassveg.

I dette til dels bratte terrenget vil ein bruke sprengt masse til støttemur for røyrkata.

Sogn og Fjordane Turlag vil tilrå NVE å få vurdert tunnellokostnad om ein i det heile vil tilrå konsesjon i saka for å unngå større inngrep i eit bratt landskap.

## 2.2.6 Kraftstasjonen

Støydemping av kraftstasjonen i eit område med ekstra stor resonans er viktig. Austgulfjorden er trong med bratte fjellsider og lyden berer svært langt i dette landskapet.

## 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Ein har ikkje forstått kva meininga er med setninga i avsnitt 2.

: ” i driftsfase vil utbygginga skape ca 0,4 årsverk, saman med eksisterande utbygging i området vert det nær eit heilt årsverk.”

Til drift av Fossdalen kraftverk vil ein ha trong for 0,4 årsverk, men kva er av eksisterande utbyggingar som Asun kan nyttiggjøre resterande 0,6 årsverk av? Er dette villeiande eller misforstår eg noko?

Ein saknar i dette avsnittet sannsynleggjering for inntekt og verdiauken på gardane (s 17).

Her leiger Asun fallrettene (s17) så reknestykket må vere overkommelig. Ein kan også få klarert kva skatteinntekter kommune kan forvente når skatteendringar på verk og bruk er i kraft.

Under avsnittet ulemper (s 17) er det nemnt om minstevassføring som det viktigaste avbøtande tiltaket.

Søkjar har ynskje om å sleppe alminneleg lågvassføring som avbøtande tiltak!! Dette må da vere ein dårleg spøk. Som avbøtande tiltak vel søkjar å sleppe 25l/s forbi..... lik alminneleg minstevassføring!

Det er motsetningen i å kalle dette for avbøtande tiltak og så føre det minst moglege av vatn i elva til den raudlistaarten flommose, som nettopp treng fuktigheit for å leve!

## 3.3 Grunnvatn.

” nedbørmengde er dominert av overflatevatn og at vegetasjonen hentar naudsynt fuktighet frå jordsmonnet”

Søkjar Asun stadfestar at området er preget av overflatevatn. Slutninga at vegetasjonen då hentar naudsynt fuktighet frå jordsmonnet er imidlertid galt eller i beste fall ulogisk. Noko som flommose på ein måte har i seg...

Dette, med nok vatn til flaumavhengig vegetasjon, er Asun sitt ansvar å ta omsyn til etter naturmangfaldloven og ein ber NVE å vurdere det omsøkte vassregime nøye dersom ein vil gje konsesjon.

Eit argument for tunnel frå inntaket til kraftstasjonen er at elveløpet i NVE atlas er eit aktsomhetsområde for steinsprang, jord og flomskred.

### 3.4 raudlisteartar

Rapporten om det biologiske mangfaldet er av eldre dato, 3.juni 2009, med oppdateringar i 2011 og oktober 2016. Det er ingen sporlogg etter oppdatering i oktober 2016, oppdateringa er då kanskje gjort på kontoret? Fossdalen er eit område med potensiale for fleire raudlisteartar. Observasjonar av hubro er nemnd i fagrapportar både for Dalsbotnfjellet\*) og i høve Kløvtveitutbygginga. Det er truleg at hubro då også brukar Fossdalen, midt imellom som leveområde? Det vert nemnt i rapporten at området kan vere innanfor hekketerritoriet til havørn. Bergveggane i og i nærleiken av Fossdalen har vel også potensiale for hekking av andre rovfuglartar?

Området er eit av få innanfor regionen der fjord og fjell urørt er knytt saman.. NVE har sjølv i eige kontroll stadfesta at kvaliteten av dei biologiske utgreiingar i konsesjonssaken jamnt er under pari.

#### **(«4.1 Kunnskapsstatus sitat frå Ecofactrapporten 558)**

*”Denne fagrapporten baserer seg på resultater fra feltkartlegging av biologisk mangfold den 3. juni 2009. Det foreligger ellers begrenset materiale på biologisk mangfold fra området (se kapittel 3.1). Kunnskapsgrunnlag for biologisk mangfold vurderes som bra nok til å vurdere tiltakets virkninger ”*

*Sogn og Fjordane Turlag vil orientere om at Fossdalen og regionen har lite registrerte funn i artsdatbanken, men at dette ene og åleine skuldast at det her er lite ferdsel og endå færre som kan ha kunnskap til å dokumentere og registrere verdifulle og sjeldne forekomster. Naturmangfaldet i Fossdalen, også med tanke på hubro som er nemnt i rapportene for Dalsbotnfjellet og Kløvtveitutbygginga kan vere viktig og undersøkje nærare.*

#### **\*) Temarapporten, 7.5 Biologisk mangfold i konsesjonssøknaden med**

**konsekvensutredning for Dalsbotnfjellet vindkraftverk** viser til at det ein mogleg Hubro-lokalitet, dvs observasjon av Hubro i området;

*”Det er også kommet fram opplysninger om at Hubro ble observert i de sentrale delene av planområdet ved et tilfelle i 2003. arten er også observert ved Rutledal, nord for planområdet. Det er sannsynlig at det hekker hubro et eller annet sted i omgivelsene, men det har ikke fremkommet noe som indikerer beliggenhet av en eventuell hekkeplass. ..)”*

### 11 Jord og skogressursar.

”Utbygginga vil verte med på å auka innteninga og verdien av gardane, noko som gjer det mogeleg å oppretthalde gardsdrifta, samt halda vedlike byggmassen og kulturlandskapet.”

Her meiner ein at sannsynleggjeringa for påstandane manglar. Asun leiger fallrettane, men å forrente ein investering på kr 30 millionar og sysselsette 0,4 personar og betale skattar (naturressursskatt, grunnrenteskatten, inntektsskatt og eigedomsskatt, konsesjonsavgift) må nødvendigvis medføre at inntekta av tiltaket er usikre for den som sitt med fallrettene.

NVE direktøren uttaler til NRK fylgjande:

SIGURD BJØRNESTAD

PUBLISERT: 24.JAN.2017 21:30

OPPDATERT: 24.JAN.2017 22:03

”Sitat. Strømmen blir dyrere, sier Sanderud.



Basert på ein lang liste forutsetninger viser et mellomalternativ at kraftprisen i Norge kan stige fra rundt 23 øre pr. kilowatt-time (kWh) i fjor til rundt 30 øre/kWh i 2030. Dette er eksklusive nettleie

og alle avgifter. Slutt” Prisene Direktøren snakkar om er spotpris pr kWh. Prisen produsentane får er ulik men elvekraft vil vere den som alltid er rimeligast.

### 3.11 Brukarinteresser.

”Spor i naturen etter utbygginga vil ikkje vert særleg synlege etter omkring 3 år.”

Turlaget er av den oppfatning at naturmangfaldet mest truleg vert redusert grunna tenkte utbygging. Dei til no kjente raudlistearter er utsett for truande økosystemendringar, påstanden om at spor i naturen etter utbygging ikkje vert særleg synlege, er såleis feil.

### 3.14 Samfunnsmessige verknader.

Sannsynleggjeringa her manglar eller må oppdaterast. Skatteendringar for verk og bruk gjev truleg minimale inntekter til kommunen.

### 3.17 Alternative utbyggingsløysingar.

Asun ser kun den omsøkte løysinga som den aktuelle.” utbyggar er difor i samråd med lokale brukarar av området kome frem til dette som den mest aktuelle utbygginga for dette vassdraget.”

Det lokale turlaget har ikkje vert med i diskusjonen som brukar av området. Ei løysing der fossen nede kunne vore spart, kunne vore eit innspel turlaget kunne ha fremja i ein konstruktiv dialog.

## 4. Avbøtande tiltak.

”Slepp av 25 l/s minstevassføring vil verte det viktigaste avbøtande tiltaket. 25 l/s er lik alminneleg lågvassføring. Minstevassføringa vil til ein viss grad virke avbøtande for verknadene på biologisk mangfald og det estetiske i elva.” Desse fint valgte orda finn ein på side 27. Det er truleg plagiat av andre rapportar, for ein kan då ikkje meine at den minstevassføringa som då er lik alminnelege lågvassføringa kan vere avbøtande på skadene!

Substratet i elva vil ”suge” opp det som er omsøkt minstevassføring!

I setninga :” det er ikkje kjent at spesielle naturverdiar er avhengige av den vassføringa som er i elva i dag”  
kjem søkjar sin ukunne tydeleg fram. Ein vil tru at t.d. flommosen nettopp er i Fossdalen på grunn av de  
vassmengdene elva fører idag!

Ecofact framfører dette i rapporten t.d. Side 2 ” redusert vannføring vil føre til endret fuktigheitsregime i og  
langs vassdraget. Det antas at flommose og andre sjeldne moser som vokser i tilknytning til vannstrengen vil  
bli redusert i forekomst ettersom de ikke tåler lange perioder av uttørking. Arter som forekommer i små  
bestander risikerer å utgå frå lokaliteten...”

## 6 Vedlegg

Bilete med vassføring lik minstevassføring lik alminnelig lågvassføring er ikkje med.

Vedlegg 8 BKK. Ein manglar evt kostnad tilknytningsavgift og kostnad innmatingsavgift for tiltaket.

## Konklusjon

Fossdalen kraftverk sin søknad om konsesjon til å bygge ut Fossdalselva er mangelfull.

Alternativer for utbygginga mangler. Tunnelboring kan idag (2017) vere eit billigare alternativ enn nedgravd  
rør. Alternativ der nedre fossen kan vera intakt og raudlisteartar spart, mangler.

Vi etterlyser sannsynleggjeringsar for inntekt, skatt og årsverk knytt til drifta. Det er vanskeleg å førestelle seg  
samfunnsnytta av tiltaket utan desse tala.

Biologisk mangfald rapporten ecofact har utarbeid er i alt for liten grad teke omsyn til i søknaden, eller tør ein  
seie neglisjert?

I nærområdet til Fossdalen er det allereie bygget ut enormt med kraft. Vindkraft på Dalsbotnfjellet er fortsatt  
aktuell i tillegg til eksisterande kraftverk: Kløyvtveit ( inklusive Transdalsvatnet og Austgulvatnet) 41,8  
GWh, Takle 4,7 GWh og Hauge 1,8 GWh.

Strengen frå Austgulfjorden opp til Røyrbotten er inngrepsfri. Frå fjord til fjell er her eit område som er urørt,  
noko som er svært sjelden i regionen.

Til no er alle søknader om kraftutbygging i Gulen, velsigna i NVE. Summen av tiltak i Gulen Kommune har  
nok sikkert passert det ein skal tåle. Det skal vere sagt at NVE ikkje har hatt ansvaret for alt, men lyd og lukt i  
sørlige deler av kommunen i tilknytning til industrianlegg er også reell.

Sogn og Fjordane Turlag vil difor rå til at NVE ikkje gjev konsesjon til Fossdalen kraftverk.

Venleg helsing

for SOGN OG FJORDANE TURLAG

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet